

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 16/8210-2

## Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit 2016 - SF revisjon IKS

### Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek «Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit i forhold til Sogn og Fjordane fylkeskommune» frå SF revisjon IKS til etterretning.

### Vedlegg:

- Brev frå SF revisjon IKS, datert 14. oktober 2016 - Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit i forhold til Sogn og Fjordane fylkeskommune

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommuneloven)
- Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet skal, i følgje kommunelova § 77, sjå til at fylkeskommunen sin rekneskap vert revidert på ein trygg måte. I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det at kontrollutvalet skal sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. I dette mandatet ligg også ein kontroll av revisor sin uavhengigheit overfor den som vert revidert.

I samsvar med forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. (heretter forskrift om revisjon) § 15 skal den som føretek revisjon i fylkeskommunen vurdere sin uavhengigheit. Det står i forskrifta:

«Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og elles ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget»

Kravet til uavhengighet og objektivitet gjeld både revisor og revisor sine medarbeidarar. Kravet om dokumentasjon gjeld berre oppdragsansvarleg revisor.

Oppdragsansvarleg revisor for finansiell revisjon er Marianne Vara, SF revisjon IKS.

Kontrollutvalet mottok vurdering av uavhengigheit frå Marianne Vara, SF revisjon IKS 14. oktober 2016.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Den mottekne vurderinga av uavhengigheit frå oppdragsansvarleg revisor i SF revisjon IKS inneheld ei vurdering basert på krava om uavhengigheit i kommuneloven § 79 og i forskrift om revisjon §§ 13 og 14.

Kontrollsjefen er av den oppfatning at vurderinga dekker kravet i forskrift om revisjon § 15 om dokumentasjon av uavhengigheit og at det ikkje er noko i vurderinga som vil svekke tilliten til revisor i høve til krava til uavhengigheit som er stilt i kommuneloven § 79 og forskrift om revisjon §§ 13 og 14.

## **3. Konklusjon**

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å ta «Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit i forhold til Sogn og Fjordane fylkeskommune» frå oppdragsansvarleg finansiell revisor i SF revisjon IKS til etterretning.